

A

STYRET

Leiar: Agnar Kvellestad 22 49 45 96 (p) - 90 53 36 96
agnar.kvellestad.krøllalfa.nmbu.no

Kasserar: Hilmar Nummedal 22 68 92 78 (p) - 92 06 72 63
hilmar.krøllalfa.getmail.no

PRESSE & PR

Leiar: Alv Reidar Dale 97 82 62 48(p) - 22 85 63 48 (a)
a.r.e.dale.krøllalfa.uniform.uio.no

HYTTESTYRET

Leiar: Agnar Hegrenes 92 49 64 38
agnar.hegrenes.krøllalfa.nibio.no


Kontakt Sunnfjordhytta:
Andor Gjølsvik 21 92 02 05 (p) - 91 55 10 58 (a)
andorgj.krøllalfa.frisurf.no

Kontakt Nordfjordhytta:
Dagfinn Aa 67 90 61 34 (p) - 21 09 48 02 (a)
daa.krøllalfa.ssb.no

SOGN OG FJORDANDERINGEN

Nestleiar: Finn Stafnsnes 90 82 12 27
Fi-stafs.krøllalfa.online.no

Sendar: SOGN OG FJORDANELAGET I OSLO
Nordahl Brunsgate 22
0165 Oslo



TRE FJORDAR

LAGSBLAD FOR SOGN OG FJORDANELAGET I OSLO
NORDAHL BRUNSGATE 22, 0165 OSLO

NR. 5

2016

ÅRGANG 31

Smalahove fest på Pustut 22. oktober



*Det er alltid
god stemning under smalahoveetinga*

Klubbefesten 5. november



*Globetrottar Gunnar Garfors
og Indre Sunnfjord
spelemannslag på
Klubbefesten 5. november!*

Vel møtt til klassikarane i Sogn og fjordanelaget i Oslo

Smalahove, klubb og andre høgdepunkt

Dette året sine høgdepunkt i Sogn og Fjordanelaget kjem i nær framtid, slik det er kunngjort elles i avisa. Første vert det ei helg med smalahove (skjelter) på Pustut, nærare bestemt laurdag den 22. oktober. Pustut er den eine av laget sine to hyttar og ligg ved Sinober i Lillomarka. Den som måtte lure på vegen dit kan kontakte hyttestyret. Ny sofa og stolar har nettopp fått bein å gå på dit opp, og vi takkar gjevar og hyttestyret for innsatsen.

Fjorten dagar deretter vert det klubbefest i samsvar med alle gode tradisjonar. Festen kjem få dagar før det er 100 år sidan skipinga av Sunnfjordlaget, noko som skal markerast med sunnfjordprogram. Vi har hyra inn Gunnar Garfors, og etterpå spelar Indre Sunnfjord spelemannslag opp til dans. Det er påmelding til begge desse tilskipingane, med fristar i nær framtid.

Søndag den 4. desember skal Sogn og Fjordaneringen vere ansvarleg for folkedanskvelden i Nordahl Brunsgate. Sjå detaljar elles i avisa. Etter det går det raskt mot jul, og Ringen skal ha si juleavslutting tysdag den 13. desember kl. 19.00 i Halli.

Vi ønskjer velkommen på alle av laget og ringen sine tilskipingar!

Agnar Kvellestad
Lagsleiar

VIKTIG MELDING:

smalahoveetinga vert
laurdag 22. oktober kl. 19.00 på Pustut*



FOTO: Av Rindar Dale ©

Svært god stemning på smalahoveestien i 2014...

Påmelding seinast onsdag 19.10. til Agnar Hegrenes, tlf 924 96 438 (gjeme SMS) eller agnar.hegrenes@nibio.no Hova skal vere klar til servering ca. kl 19.00. Laget ordnar med maten, men kvar og ein syter for høveleg drikke.

Pris: kr 200 per person, kr 300 for dei som overmattar til søndag. Kaker og kaffi er medrekna. Dei som vil overnatte, må ta med sovepose/lakenpose og frukostmat/drikke.

Sogn og Fjordanelaget ynskjer alle som vil vere med og ete, **hjar-teleg velkomne**, til eit godt måltid svidne smalahove frå Ivar Løne på Voss, med kålrot, poteter og flatbrød til.



FOTO: På nett, Inlegg Næring ©

Agnar Hegrenes
leiar i hyttestyret

* Sunnfjordfylka Pustut, som er renovert og vart gjenopna i 2014, ligg ved Sinober i Lillomarka. Gå anten til Sjøipen (åstasjon på Gje vika) i Markveien eller til Sjøipen i Nibio (Gje vika) i Sjøipen i Lillomarka.

Sogn og Fjordanelaget i Oslo ynskjer alle hjarteleg velkomne til

ei festreis med **Gunnar Garfors** på den 89. **KLUBBEFESTEN** laurdag 5. november 2016 kl 19.00 – ein fest for fjordingar, sogningar og anna godt folk...

Vår i særklasse mest kjende sunnfjording har i diktet «Fabel» skrivne om gåsa, katten og hanen – “No ville dei ut i verda og freiste si lukke der.”

Gunnar Garfors har gjort det til gagns.

Han voks mest opp i Naustdal og arbeider i NRK med blant anna internasjonal kringkastingserksemnd. Dessutan er han journalist og forfattar, og har blant anna medverka i bøker gjevne ut i heimfylket. Som globetrottar har han vitja alle landa i verda og kan fortelje forvitneleg. Han er også godt kjend frå Landquizen i Nitimen.

Sunnfjordlaget 100 år
Sunnfjordlaget var sist ut av dei tre innflyttarlaga våre, men ville ha vore 100 år i år om det var eige lag framleis.



Gunnar Garfors i Machu Picchu i Peru, ein av verdas vakraste byar, fritt og høgt til fjells. FOTO: Gunnar Garfors ©

Det skal markerast med litt historikk – og Sunnfjordsongen – iallfall ein av dei...??

Indre Sunnfjord Spelemannslag syter for god

sunnfjordmusikk. Dei held heime i Jølster og har gjeve ut fleire CD-ar. Etter mange tiårs deltaking på kappleikar og i andre samanhengar skulle dei vere velkjende for sitt gode spel.

Klubbefesten, haustens kulinariske og kulturelle høgdepunkt for utflytte fjordingar og sogningar og nærskylde, samlar folk ved festpynta langbord i

Storsalen for 89. gong!

Klubben/raspekakene vert laga på byggmjøl steinmale på vassdriva kvern av Erik Ivar på Ulvedal i Stryn, og blir servert med kjøt og flesk, kålrot og skyr, og kaffi og konfekt attpå. Og allsongen vert “fabel-aktig”... Vi har Jakob Sande å ta av!

Påmelding og pris:

Festen kostar berre 300 kr. for medlemmer og 450 kr. for andre. Det er svært rimeleg for full middag, fyrsteklasses underhaldning og dans til levande musikk!

Påmeldingsfrist er
sundag 30. oktober.



Indre Sunnfjord på landsfestivalen i Gaupne 2016.

Og så er det Astrup-år i år – det skal iallfall nemnast... Så få med deg folk og kom på Klubbefesten i Storsalen i Nordahl Bruns g. 22, laurdag 5. november kl. 19!

Agnar Hegrenes: e-post: agnar.hegrenes@nibio.no eller tlf. 924 96 438

Ver hjarteleg velkomne på raspekake-/raspeballfest!

Meld dykk på anten til:
Jofrid Holter,
e-post: jofrid.holter@senior.hioa.no
tlf. 975 91 542,
eller til

Ny sofa og stolar på Pustut

Ein pent brukt sofa og to lenestolar kom nettopp på plass på hytta, og dermed er den no endå meir oppgradert. Desse møblane er ei gåve frå Berit Gauksrud, ein av medlemmane i laget. Dei kan prøvesitjast kommande helg med smalahovegilde.



Andor Gjelsvik og Jostein Bareksten med sofaen, nesten framme.



Oddgeir Havn og Jostein Bareksten, godt se tte etter turen frå Sinober.

Søndagsdansen hausten 2016

Søndagsdansen i Nordahl Bruns gate 22 inkluderer minikurs i Halli kl. 18:00 og 19:30 og deretter dans i Storsalen kl. 19.30 og 22.45.

<http://bls.no/sondagsdansen-hosten-2016/>

Dato	Teknisk arrangør / Gruppe el. spelemannslag	Minikurs
September		
04.	BUL / Brødrene Kjørstad	Finnskogspols/ev. springdans frå Torpa
11.	Hordaringen / Østerdølene	Rørspols
18.	Numedalslaget / Sofienberg spelemannslag	Nordlandspols
25.	Symra / De Frilynde	Stildans
Oktober		
02.	Folkedansnemnda / Dølalæte	Hallingspringar
09.	Valdreslaget / Tonje og Stein Magne	Valdresspringar
16.	Hordaringen / Fanteladdene	Finnskogspols
23.	Sogn og Fjordaneringen / Bærum spelemannslag	Bingsjø
30.	Symra / Farande Fant	Stildans
November		
06.	Hordaringen / Elise Tegner med venner	Springleik
13.	Hallinglaget / Enebakk spelemannslag	Rørspols
20.	Utgår pga. Folkelarm, Oslokappleik og mesterkonsert i Operaen	
27.	Symra / Eiker Spellemannslag	Stildans
Desember		
04.	Sogn og Fjordaneringen / Østerdølene	Boda
11.	Folkedansnemnda / Steinsgårdskroken	Konsert?